



2025

# Årsmelding

REGION SUNNHORDLAND



Region Sunnhordland IKS er eigd av kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes, og arbeider for å styrkje samhandling, attraktivitet og verdiskaping i heile regionen. Gjennom prosjekta våre innan reiseliv, tilflytting, kompetanseutvikling og regional samordning legg me til rette for utvikling til beste for både innbyggjarar, næringsliv og tilreisande.

2025 har vore eit år prega av både aktivitet og strategiske avklaringar. I samband med budsjettarbeidet i eigarkommunane vart det reist spørsmål om prioriteringar og effekt av enkelte prosjekt i porteføljen. Dette førte til at representantskap og styre starta arbeidet med ny strategisk retning for selskapet.

Hausten 2025 vart det vedteke å gjennomføre ei ekstern kartlegging av verksemda. Målet er å få eit godt grunnlag for vidare utvikling av selskapet og prosjektporteføljen, og å sikre at ressursane vert nytta der dei gir størst verdi for regionen. Arbeidet held fram inn i 2026, og endelege tilrådingar vert presenterte våren 2026.

Sjølv om framtidig organisering og prioriteringar vert vurderte, har aktiviteten i 2025 vore høg. Gjennom arbeidet i Visit Sunnhordland, Bu i Sunnhordland, Kompetanseforum Sunnhordland, Sunnhordland UNESCO Global Geopark og sekretariatsfunksjonen for Sunnhordlandsrådet, har me halde fram arbeidet med å styrkje regionen som ein attraktiv stad å bu, arbeide og besøkje.

Me har samla aktørar på tvers av kommunegrensar, styrkt samarbeidet med nabo-regionar og vore til stades på arenaer der viktige avgjerder vert tekne for framtida til Sunnhordland. Ei samordna profilering av

regionen har bidrege til å styrkje både identitet, omdøme og attraktivitet.

Året har vist kor viktig samarbeid og felles retning er for å lukkast regionalt. Årsmeldinga for 2025 speglar eit stort engasjement for vidare utvikling av Sunnhordland – og eit sterkt ønskje om å finne dei løysingane som best tener regionen i åra som kjem.



**Torstein Fjeldet Lunde**  
*Styreleiar*



**Tora Haslum Myklebust**  
*Dagleg leiar*

# Innhald

Bulyst .....	04
Kompetanse .....	06
Reiseliv .....	07
Geopark Sunnhordland.....	09
Region Sunnhordland i tal og fakta.....	10
Tankar om framtida .....	12



# Bulyst

Bu i Sunnhordland har som mål å bygge ein attraktiv region som tiltrekk seg og beheld arbeidskraft. Arbeidet vert gjort saman med kommunar og næringsliv.

Omdømmebygging og rekruttering er eit langsiktig arbeid. Prosjektet knyter difor arbeidet, i samsvar med tidlegare år, til to av dei fem identifiserte barrierane grøn næringsutvikling i rapporten «Grøn region Sunnhordland», som del av arbeidet Grøn region Vestland, som er eit samarbeids- og koordineringsprosjekt av Vestland fylkeskommune og Innovasjon Norge.

1. Utfordrande å få tilgang på kvalifisert arbeidskraft.
2. Manglande samarbeid og oppleving av å vera ein region.

I fellesskap skal ein omstille regionen for å gjere dei naudsynte prioriteringane og tiltaka som skal til for å tiltrekk seg, behalde og utvikle arbeidskraft. Samtidig som ein rekrutterer og utviklar eksisterande utdanning slik at ein kan ta del i dei nye grønne verdikjedene og bruk av ny teknologi. Ved å skape ei felles oppleving av å vera ein region vil ein kunne styrka gjennomføringsevne for omstillinga.

Gjennom året har Bu i Sunnhordlan, BiS, halde fram arbeidet med utvikling og gjennomføring av ulike typar aktivitetar som til ei kvar tid er formålstenleg for å skapa dei beste resultatata. Det langsiktige målet er over tid at unge knyter nettverk og at ein skapar engasjement for regionen blant unge.

BiS har produsert innhald til og kommunisert via fleire digitale flater for å nå målgruppa, lagt til rette og arrangert møteplassar for samarbeidspartnarar og målgruppa elles, og delteke på ulike arrangement der unge er samla slik at desse kan danne nettverk og tileigne seg kunnskap om moglegheitene i regionen.

Gjennom året har BiS halde fram arbeidet med utvikling og gjennomføring av ulike typar aktivitetar som til ei kvar tid er formålstenlege for å skapa dei beste resultatata. Det langsiktige målet er over tid at unge knyter nettverk og at ein skapar engasjement for regionen blant unge.



Foto: Bu i Sunnhordland



Foto: Region Sunnhordland



Foto: Kristin Steinsland



Foto: KarriereDagene NTNU

Bu i Sunnhordland har i 2025:

- Deltatt med stand og innlegg på Yrkesfagdag for 10. trinn i regionen. Arrangementa vart halde på Bømlo, Stord (inkludert også 10. trinn frå Tysnes og Fitjar) og i Kvinnherad. Målet med Yrkesfagdag er å auka interessa for yrkesfag. Sunnhordland har lære plassar, men treng fleire lærlingar. Prosjekt er støtta av Vestland Fylkeskommune.
- Deltatt på karrieremesser saman med partnerbedrifter og kommunerepresentantar:
  - *“Ta steget” i Grieghallen, Bergen, arrangør Framtidsfylket*
  - *KarriereDagene NTNU i Trondheim, arrangør Bindeleddet NTNU*
  - *Karriereuka 2025 på Blindern, arrangør Universitetet i Oslo*
  - *Karrieredagen i Bergen, arrangør Springbrettet*
- Marknadsført og arbeidd vidare, saman med lokalt næringsliv og offentleg sektor, med pilotprosjektet Internship Sunnhordland. Dette er eit attraktivt sommarjobb-konsept for studentar i

Norge. Programmet skulle danne grunnlag for verdiskaping hjå deltakande bedrift/kommune - samtidig som det styrker omdømmet for Sunnhordland. Trass i gode tilbakemeldingar, iver for internship-programmet blant bedrifter i regionen og massiv marknadsføring vart det for få bedrifter som melde seg på til å kunne gjennomføre programmet.

- Gjennomført partnarmøte og temabaserte medlemstreff. Tema her har vore inkludering i Sunnhordland - med fokus på å førebyggje utanforskap og få fleire av dei som står utanfor i Sunnhordland ut i jobb, korleis få folk til å flytte til kommunar i distrikta, og korleis leie den unge generasjonen.

Gjennom heile året har det vore fokus på å marknadsføre ein felles region.

BiS har hatt dialog med Haugesund-regionen og Framtidsfylket Vestland, og ein har oppretthalde nettverket med Osloregionen sitt arbeidsområde National talent for international talent attraction and retention.

# Kompetanse

Kompetanseutvikling er eit viktig satsingsområde for Sunnhordland, både på kort og lengre sikt. Regionen har høg aktivitet i næringslivet og offentleg sektor, men utfordringa er framleis å sikre nok arbeidskraft med rett kompetanse til å møte dagens og framtidens behov. Særleg innan industri, helse- og omsorgstenester, bygg- og anleggsgag og tekniske fag er etterspurnaden stor.



Vestland fylkeskommune har vedteke «Regional plan for kompetanse og arbeidskraft», der regionale team står for oppfølging av planen. Region Sunnhordland er sekretariat for Kompetanseforum Sunnhordland, og rapporterer inn til Kompetanseforum Vestland.

## Mandat for Kompetanseforum Sunnhordland

- Ha oversikt over den lokale arbeids- og utdanningsmarknaden
- Fange opp lokale kompetansebehov og bidra til at det vert utvikla relevante utdanningstilbod
- Gje innspel på kompetansebehov til Kompetanseforum Vestland årleg
- Dele gode prosjekt/«beste praksis»
- Bidra til ei heilskapleg karriererettleiing
- Bidra til å få fleire læreplassar og lærebedrifter
- Gje innspel til «Kompetanseforum Vestland» på saker som ikkje kan løysast lokalt

For at alle næringar skal bli best mogeleg ivaretatt når me kartlegg kompetansebehovet i regionen vår, er det etablert ei arbeidsgruppe.

Arbeidsgruppa til Kompetanseforum Sunnhordland består av:

- Dei åtta næringsråda i Sunnhordland (Austevoll næringsråd, Bømlø næringsråd, Fikse næringsforening, Fitjar næringsråd, Kvinnherad næringservice, Stord næringsråd, Sveio næringsråd og Tysnes næringsråd)
- Atheno
- Helse Fonna
- HVL
- Invest in Sunnhordland
- Karriere Vestland, avd. Sunnhordland
- NAV
- NITO Sunnhordland
- Region Sunnhordland
- Kompetanseforum Vestland

I 2025 har Sunnhordland Kompetanseforum vidareført samarbeidet med opplæringskontor, kommunar og næringsliv for å styrkje rekrutteringa til yrkesfaglege utdanningsløp. Erfaringane frå tiltak retta mot elevar på ungdomsskulen har vore gode. Med midlar frå Vestland fylkeskommune blei det arrangert Yrkesfagdag for alle 10. klassar i regionen.

På lengre sikt handlar kompetansearbeidet òg om å leggje til rette for vidareutdanning og omskulering av vaksne arbeidstakarar, slik at regionen kan møte framtidige omstillingsbehov. Samarbeid mellom skule, næringsliv og offentleg sektor står sentralt for å sikre at Sunnhordland også framover har rett kompetanse til rett tid.

# Reiseliv

Reiselivsarbeidet i 2025 har hatt tre hovudspor: marknadsføring og kommunikasjon, utvikling av reiselivsprodukt og tett samarbeid med kommunar og næringsliv.

## Strategisk retning

Geopark Sunnhordland og statusen som UNESCO Global Geopark er sentrale i regionen si posisjonering.

Samstundes er merkeordninga Berekraftig Reisemål eit viktig rammeverk for utviklingsarbeidet og legg føringar for ansvarleg vekst, besøksforvaltning og langsiktig verdiskaping. Visit Sunnhordland sit i styret for Geopark Sunnhordland og deltok i 2025 i vidareutviklinga av strategien for Sunnhordland UNESCO Global Geopark.

Arbeidet i 2025 har vore prega av omstilling i digitale kanalar og målretta satsing på berekraft og heilårleg utvikling.

## Kommunikasjon og marknadsføring (B2C) Nettside og digital utvikling

Digitale søk er i rask endring som følgje av auka bruk av AI/KI. Informasjon vert i større grad presentert direkte i søkjetenester, noko som reduserer tradisjonelle nettsideklikk.

I 2025 hadde nettsidene 6 117 244 visningar (-24 %) og 1 752 680 brukarar (-26 %).

Samstundes auka gjennomsnittleg tid på sida til 1 minutt og 22 sekund (+16 %). Dette tyder på meir målretta og relevant trafikk.

Strategisk går vi frå å måle suksess i volum til å prioritere synlegheit i AI-baserte søk (SEO/AEO), kvalitetsinnhald, autoritet som kjelde og konvertering til faktisk verdiskaping.

Gjennom NDBR deltok vi i 2025 i ei eiga KI-arbeidsgruppe som såg på korleis destinasjonane kan arbeide med synlegheit nasjonalt og betre statistikkoversikt i møte med nye digitale utviklingstrekk. Målet er å sikre Sunnhordland si konkur-

ransekraft i ein ny digital kvardag. Sunnhordlandskartet for 2024/2025 vart distribuert vidare etter behov gjennom året.

## Sosiale media

Sosiale medium er eit sentralt verkemiddel for å byggje kjennskap og påverke reiseval.

Facebook hadde 396 400 visningar. Samhandling gjekk ned 21,1 %, og sidebesøk ned 45,1 %, medan lenkeklikk auka med 83,3 % til 2 800 klikk. 83 nye følgjarar vart registrert. Utviklinga viser at plattformen i større grad fungerer som trafikkdrivar enn som rein engasjementskanal

Instagram hadde 220 800 visningar og nådde 67 100 personar (-31,6 %). Samhandling auka med 100 % til 2 100, lenkeklikk auka med 22,6 %, og profilbesøk auka med 13,2 %. 522 nye følgjarar kom til i løpet av året. Kanalen fungerer i aukande grad som relasjons- og

inspirasjonsplattform. Kjønnfordelinga er stabil på om lag 70 % kvinner og 30 % menn.

## Annonsering

Visit Sunnhordland gjennomførte eigne annonsekampanjar i sosiale medium som gav 803 landingssidevisningar og 1 828 lenkeklikk til låg kostnad.

Haustkampanjen vart gjennomført i samarbeid med Fjord Norge i Tyskland, UK/Irland, Nederland og Belgia. Kampanjen gav om lag 215 000 sidevisningar, der rundt 150 000 kom direkte frå kampanjetrafikk. Videoannonsane oppnådde 78 % visningsrate, over bransjestandard.

Det er målt 372 faktiske besøkande til regionen etter eksponering. Resultata viser at koordinert digital annonsering gir målbar effekt og bidreg til konkret verdiskaping.





### **B2B-arbeid og bransjesamarbeid** **Vertskap og kompetanse**

I juni vart det arrangert sommar kick-off for turistvertar. Samlinga styrkte vertskapsrolla gjennom oppdatert kunnskap om regionen og fungerte som viktig møteplass før høgsesongen.

Visit Sunnhordland deltok på samling for Berekraftig Reisemål i Kristiansand og er aktiv deltakar i NDBR-nettverket for berekraftige destinasjonar. Den årlege rapporteringa til merkeordninga Berekraftig Reisemål vart levert i april 2025 og er offentleg tilgjengeleg på [regionsunnhordland.no](https://regionsunnhordland.no).

Visit Sunnhordland deltok òg saman med Visit Bergen på reiselivskick-off i Tysnes og Austevoll i mars 2025, som ein del av styrkt samarbeid i våre felles kommunar.



### **Marknad og sal**

I april deltok Visit Sunnhordland på Norwegian Travel Workshop (NTW) i Bodø med eigen stand og førehandsavtalte møte med relevante turoperatørar. Kontaktane er følgde opp med målretta dialog. Visningsturar og pressebesøk er eit prioritert verkemiddel.

Hausten 2025 vart det gjennomført visningstur saman med Visit Hardangerfjord under tematikken "Slow living by the fjord". Besøk hos Haaheim Gaard, Moster Amfi, Gamle Fengselet Kulturhotell og Sunnhordland Museum har allereie gitt konkrete førespurnader og bookingar.

Visit Sunnhordland deltok i 2025 på utdanningsmessa til Framtidsfylket i Grieghallen i Bergen, på vegne av medlemsbedrifter med behov for arbeidskraft og ny kompetanse.

### **Samarbeid og besøksforvaltning**

Samarbeidet med destinasjonsselskapa i Fjord Norge og med Vestland fylkeskommune er vidareført gjennom jamlege møte og felles satsingar. Visit Sunnhordland er aktiv deltakar i fylkeskommunen sitt arbeid med besøksforvaltning, med mål om å balansere vekst med omsyn til natur, lokalsamfunn og gode opplevingar for både gjestar og fastbuande.


### **Overnattingstal**

Det vart registrert 286 218 overnattingar i 2025, ein auke på 11 %. Hotell hadde 115 727 overnattingar (-5 %), medan camping auka til 170 491 (+26 %). Det er særleg vekst frå Nederland, Danmark, USA og Frankrike. Ferie- og fritidsmarknaden er stabil, kurs- og konferanse har auka med 11,5 %, medan yrkesovernattingar har gått ned med 10,9 %. Tala må tolkast med varsemd grunna ulik registreringspraksis. Samla sett viser utviklinga stabil vekst i fritidsmarknaden, særleg innan campingsegmentet.

### **Prosjekt og vidare utvikling**

Prosjekta «Sunnhordland heile året» og berekraftig kompetanseheving vart avslutta i 2025, men arbeidet med sesongutviding er vidareført i ordinær drift. I 2025 fekk Visit Sunnhordland midlar til prosjektet «Regenerativ turisme i Sunnhordland», med oppstart i 2026. Målet er å utvikle reiselivet vidare i ei retning som styrkjer natur, lokalsamfunn og heilårleg verdiskaping. Dette markerer ei tydeleg retning mot meir langsiktig og verdibasert utvikling av reiselivet i Sunnhordland.

# Geopark Sunnhordland



2025 var tredje driftsår for Geopark Sunnhordland med UNESCO Global Geopark-status, som ein av fem slike i Noreg og 230 i verda elles. Det er to tilsette i selskapet, Brynjar Stautland som dagleg leiar og Anouk-Letizia Firle som geolog.

Av eit rekneskap på ca 3.400.000,- (ikkje revidert p.t) vart 28% dekkja av driftsstøtta frå sunnhordlandskommunane (unnatake Sveio), 8% frå Vestland fylkeskommune og 23,5% via Statsbudsjettet. Statsbudsjettposten var sletta i budsjettet for 2025, men vart etter aktivt arbeid frå geoparkane og deira kommunar og politikarar på alle nivå teke inn att i RNB med kr. 800.000,-. Det innebar ein reduksjon på 200.000,- frå 2024, men posten ligg no inne att for 2026 med 1.000.000,- pr. UNESCO-geopark. Driftsutgiftene går i all hovudsak til løn, formidlingstiltak til skular og reiselivsverksemdar, informasjons-materiell, kontorkostnader, arrange-

ment samt samarbeid med UNESCO nasjonalt og internasjonalt. Resten av budsjettet, dvs. ca 60%, kom i 2025 frå oppdrag samt nasjonale og internasjonale prosjektmidlar.

Vegard Bjørnevik er styreleiar, og styremedlemer er Birgit S. Esperø (Vlfk), Leif Tore Trædal (HVL), Una Kolle (leiar Folgefonnsenteret), Hilde Eide Helland (Visit Shld), emeritus John Inge Svendsen (UiB), og Liv Kari Eskeland. John Torgeir Torsvik (Vlfk) er vara for Birgit S. Esperø.

Det treårige Erasmus-prosjektet der me lagar læremiddel for geologi i skulane våre saman med HVL, UiS og tre andre UNESCO-geoparkar i Europa går iflg. planen og under leiing av HVL. Ca kr. 900.000,- over tre år kjem geoparken til gode i dette prosjektet.

Eit prosjekt finansiert av NORA om utsleppsfriframdriftsteknologi i UNESCO-område er godt i gong saman med aktørar på Island og

Færøyane, og ei digital guide-løysing er ferdig utvikla i samarbeid med Vestlandsforskning. Denne ligg no til bruk på nettsida vår, finansiert av FORREGION Vestland.

Organisering og drift av sommarguidinga i Stordø kistruber ila seks veker med tre guidar og tre turar pr dag vart godt gjennomført iflg. kontrakten med Stord Kommune. Tal på besøkande var noko lågare enn i 2024, noko me er sikre på at skuldast det fine været i juli. Venelaget for Gruo får billett-inntektene uavkorta (kr.138.040,-).

Alt i alt har geoparkens aktivitetar hatt ca 1500 besøkande/deltakarar på foredrag og aktivitetar for skular, lag, verksemdar og turistar.

Ved utgangen av 2025 har geoparken 19 partnarar spreidd i Sunnhordland innan biodiversitet, overnatting, aktivitetar og lokalmat. Dette er gode ambassadørar for geoparken rundt

om i regionen. Båtturen med M/S GåPå i juni var årets partnarsamling, finansiert av Den Norske UNESCO-kommisjonen, men der også vårt styre, politikarar, vårt fagråd og andre interesserte deltok.

Det opplevast at UNESCO-statusen skaper interesse for kva det er i Sunnhordland sin natur som er verdt UNESCO-status, eit av verdas mest kjende kvalitetsmerke. UNESCO-statusen gjev elles sær god tyngde i våre søknader for prosjekt som kjem Sunnhordlandsregionen til gode.

Oppsummert genererte i underkant av 1 mill. kroner i driftsstøtte frå sunnhordlandskommunane ei omsetjing på over 3,4 mill. som i sin heilskap vart nytta for å oppretthalde den type drift og kvalitet i Sunnhordland som krevst for å halde UNESCO-statusen ved like.

UNESCO-statusen skal reviderast i 2026.

REGION SUNNHORDLAND

# Tal og fakta

Arbeidet med å betra samferdsleløysingane internt i regionen og mot omverda er eit viktig fokusområde for Region Sunnhordland.



## Finansinntekter/utgifter

Inntektene i 2025 er på 5 352 300,- inkludert netto finanspostar. Kostnadane i 2025 er på kr. 5 139 595,-.

Dette gjev eit overskot på kr. 212 705,-.

Beløpa er eks. prosjektilskot, overførte prosjektilskot og prosjektkostnader.

Eigendelane er på kr. 5 457 233,-.

Av dette er opptent eigenkapital på kr. 2 179 144,-. Der kr. 1 576 849,- er knytt til Region Sunnhordland og kr. 602 295,- er knytt til Visit Sunnhordland.

Rekneskapen er sett opp med føresetnad om fortsatt drift, og styret stadfestar at føresetnaden er til stades.

## Rekneskapsførar og revisor

Region Sunnhordland har kjøpt rekneskapstenester hjå ECIT Stord AS. RSM Norge AS har revidert rekneskapen og år-savslutninga.

## Administrasjon

Region Sunnhordland:

Det har gjennom året vore 5 tilsette fordelt på 3,8 årsverk.

Geopark Sunnhordland, dotterselskap:

Det har gjennom året vore 2 tilsette fordelt på 2 årsverk.

## Administrasjon



**Tora Haslum Myklebust**

Dagleg leiar



**Mina Kristine Aarseth**

Kommunikasjons-  
rådgjevar



**Anne Almås Tranøy**

Økonomi- og  
berekraftsansvarleg



**Geopark Sunnhordland AS  
Dotterselskap**

**Brynjar Stautland**

Dagleg leiar



**Hilde Eide Helland**

Reiselivsansvarleg



**Anouk-Letizia Firle**

Geolog



**Anne Synnøve Lønne**

Marknads- og kommunikasjons-  
ansvarleg

### Arbeidsmiljø

Det er eit godt arbeidsmiljø i administrasjonen og mellom styre og administrasjon.

### Ytre miljø

Verksemda påverkar ikkje det ytre miljø.

### Likestilling

Det er 5 kvinner i administrasjonen. I styret har det i 2025 vore 2 kvinner og 3 menn.

### Lokalitetar

Administrasjonen i Region Sunnhordland leiger kontorlokale på Vabakkjen 6, Stord.

### Styresamansetnad 2025

Torstein Fjeldet Lunde, styreleiar  
 Kjartan Eidsvåg, nestleiar  
 Therese Njåstad, styremedlem  
 Kari Aakre, styremedlem  
 Kåre Martin Kleppe, medlem  
 Svein Dale Soleng, varamedlem  
 Mari Pedersen Totland, varamedlem  
 Siri Rusten, varamedlem


### Region Sunnhordland

Sunnhordlandsrådet består av ordførarar og kommunedirektørar i Sunnhordland. Ordførar og kommunedirektør i Haugesund og Vindafjord kommunar er observatørar.

## Styre



**Torstein Fjeldet Lunde**  
Styreleiar



**Kari Aakre**  
Styremedlem



**Kjartan Eidsvåg**  
Nestleiar



**Kåre Martin Kleppe**  
Styremedlem



**Terese Njåstad**  
Styremedlem

# Tankar om framtida

I dag opplever Sunnhordland rekordhøg aktivitet innan olje- og gassektoren, med omfattande ringverknader for leverandørindustri, arbeidsplassar og kommunale inntekter. Samstundes veit me at delar av denne aktiviteten kan avta frå 2027 og utover, når dagens ordrebøker vert tømde og nye prosjekt ikkje nødvendigvis kjem i same omfang. Desse endringane vil påverke både arbeidsmarknad, busetjing og utviklingsretning for regionen.


Resultatet av strategiprosessen beskrive i forordet, vil sette retning for kva fokus Region Sunnhordland IKS har frametter.

Med utgangspunkt i dagens portefølje kan prosjekta Bu i Sunnhordland og Visit Sunnhordland være viktige regionale tiltak i det omstillingsarbeidet regionen skal gjennom.

Tilflyttingsarbeid handlar ikkje lenger berre om å skaffe arbeidskraft til eksisterande industri, men i aukande grad om å gjere regionen attraktiv for menneske med ulik kompetanse – også dei som kan arbeide digitalt eller i nye næringar. Kampen om kompetanse vert skjerpa, og

Sunnhordland må framstå som ein region der folk ønskjer å etablere seg, skape arbeidsplassar og byggje liv over tid. Bu i Sunnhordland vil difor kunne få ei endå viktigare rolle i å synleggjere regionen som ein attraktiv stad å bu, med gode lokalsamfunn, variert arbeidsmarknad og høg livskvalitet.

Arbeidet med å knyte arbeidsgjevarar, kommunar og tilflyttarar tettare saman vert sentralt når fleire verksemdar skal omstille seg og konkurrere om kompetansen.



Samstundes vil Visit Sunnhordland spele ei viktig rolle i å styrkje regionen sitt omdøme og skape aktivitet og verdiskaping innan reiseliv og opplevingsnæring. Eit sterkt reiseliv bidreg ikkje berre til besøksaktivitet, men gjer regionen meir attraktiv også for nye innbyggjarar og verksemdar. Utvikling av berekraftige opplevingar og heilårsaktivitet kan òg gi nye arbeidsplassar og bidra til eit meir variert næringsgrunnlag.

For Region Sunnhordland IKS samla sett betyr dette at arbeidet framover i større grad må støtte opp under kompetanseutvikling, næringsomstilling og regional attraktivitet.

Å samle kommunane om felles prioriteringar, styrkje samarbeidet mellom næringsliv og offentlig sektor, og vere ein pådrivar for nye utviklingsløp vert stadig viktigare.

Sunnhordland har gjennom fleire tiår vist evne til å tilpasse seg nye tider. I møte med komande endringar ligg det både utfordringar og store moglegheiter. Med målretta samarbeid og strategiske val kan regionen også denne gongen utvikle nye bein å stå på, – til beste for både dagens og framtidas sunnhordlendingar.



T: 412 17 024

E: [post@regionsunnhordland.no](mailto:post@regionsunnhordland.no)

Postadresse:

Region Sunnhordland

Postboks 444

5403 Stord

Besøksadresse:

Vabakkjen 6, Stord

Web: [regionsunnhordland.no](http://regionsunnhordland.no)

 Bu i  
Sunnhordland

 Geopark  
Sunnhordland

 Visit  
Sunnhordland